


26. nov 2015

Til
Lindås kommune

Ordførar Astrid Aarhus Byrknes
Leiar i levekårsutvalet Asle Hetlebakke

Rådmann Ørjan Raknes Forthun
Kultursjef Øyvind Stang



Uttale frå Lindås kulturråd - kulturhus i Knarvik

Lindås Kulturråd meiner det er på høg tid å kome vidare med dei etter kvart mange planane for kulturhus i Knarvik. Lindås Kulturråd er ein ny aktør i biletet. På eit folkemøte 24 aug, i forkant av kommunevalet 2015, meinte politikarane at nettopp Lindås Kulturråd bør kome med innspel i debatten kring kulturhus.

Først litt om kva som står i planverket til Lindås kommune kring kulturhus.

Kulturplanen 2011-2023

Kulturhus (side 14 i Kulturplanen)

Draumen om eit **kulturhus**, sentralt plassert i Lindås kommune, har vore halden levande i ei årrekke. Bibliotek, kulturskulen, Frivilligsentralen og kulturkontoret på rådhuset kunne blitt samla i høvelege lokale. Dette ville blitt eit kraftsenter for kulturlivet i kommunen. Ein kommune med eit rikt kulturliv som Lindås kommune, treng og ei storstove som kan synleggjera alt kommunen har å by på. Kulturlivet i heile regionen har behov for ei slik storstove. Et **kulturhus** plassert i Knarvik vil og vera eit viktig element for å skape ein «bygdeby».

MÅL:

Planleggja og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i nær dialog med lag og organisasjoner.

TILTAK:

Vurdere å opprette ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for kulturhus

Overordna mål for Kulturfeltet (side 5 i Kulturplanen)

Tiltak knytt til dei overordna måla:

- Eit godt kulturtilbod vert utvikla i Knarvik med nytt **kulturhus** og Knarvik idrettspark som base. Knarvik vert utvikla til å bli "ein levande by" for regionen, som tar vare på strilekulturen, i staden for at området blir ein forstad til Bergen.

Kommuneplan 2011-2023

Arealdelen av kommuneplanen 2011–2023 (Føresegner og retningslinjer)

Vedteke av kommunestyret 22.9.2011 sak 100/11

- Ingen tekst som inneholdt temaet **kulturhus**

Områdeplanen for Knarvik sentrum (PlanID 1263-201002) vedtatt i kommunestyret juni 2015

- På side 13 i planomtalen er nemnt bygging av rådhus kombinert med kulturhus
- På side 38 i planomtalen er nemnt bygging av hotell kombinert med kulturhus

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2011–2023

Vedteke av kommunestyret 22.9.2011 sak 100/11

- Side 3 - **Innleiing – bakgrunn for planarbeidet**

Vedtak om bygging av ny kyrkje og planlegging av **kulturhus** signaliserer viktige element for å gjera samfunnet her betre i stand til å ta i mot nye store utbyggingar.

- Side 10 – **Regionsenteret Knarvik, frå tettstad til småby**

tiltak:

- Kommunen ynskjer å aktivt bidra til å gje sentrum ei ny giv gjennom etablering av regionalt **kulturhus**

- Side 25 - **Kommunen som samfunnsutviklar**

tiltak:

- Planleggja og byggja **kulturhus** i Knarvik.

Lindås Kulturråd vil uttale seg om følgjande:

Lindås kommune og innbyggjarane i kommunen har i fleire ti-år hatt tankar og idear knytt til bygging av kulturhus. Temaet har vore på agendaen kvart år, nokre år med større engasjement enn andre år. Det har opp gjennom tidene kome innspel både på lokalisering og innhald. Det har vore folkemøte og diskusjonane har gått høgt. Det er eit stort utbyggingstempo i søre del av Lindås kommune og det hastar med å få sett av arealet kor det regionale kulturhuset skal ligge.

Lindås Kulturråd ber difor om;


1. at tomt til kulturhus sentralt i Knarvik vert fastsett innan noverande kommuneval-periode (2015-2019).
2. at planarbeidet vert starta opp inneværende kommunevalperiode (2015-19)
3. at det vert nedsett ei arbeidsgruppe (administrativt og politisk samansett) som før kommunevalet i 2019 skal legge fram plan for det vidare arbeidet med regionalt kulturhus sentralt i Knarvik. Kulturråd og idrettsråd bør vere representert i planarbeidet.
4. at et regionalt kulturhus må vere et fellesprosjekt for regionen å samarbeide om.

Lindås Kulturråd har følgjande innspel på konkrete mål for arbeidet med kulturhus:


- Kulturhuset må vere sentralt plassert i Knarvik. Lindås kulturråd vil tilrå følgjande uprioriterte plasseringsforslag:
 - Søre del av «Hundremeterskogen»
 - Tomta mellom Knarvik Senter og Rådhuset
 - Tomta mellom Rådhuset og Knarvik Ungdomsskule
 - Tomta mellom Knarvik Vidaregående skule og LOAS
- Det må vere lett tilgang til kulturhuset frå framtidig skyss-stasjon
- Det må vere gode parkeringstilhøve i nærleiken av kulturhuset
- Det er viktig å ivareta tilstrekkeleg med grøne lunger/grøntstruktur ved og rundt kulturhuset.
- Det må vere god logistikk og infrastruktur mellom kulturhus, Knarvik Senter, Knarvik vidaregående skule, Knarvik ungdomsskule, rådhus og elles der folk ferdast.
- Lindås kulturråd ser det som viktig at symjehall og kulturhus vert integrert i same bygning.
- Ein må ta omsyn til dei mjuke trafikantane (gåande og syklande) når bymiljøet utviklar seg og trafikken aukar i nærleiken av kulturhuset.

Lindås Kulturråd stiller seg til disposisjon og ser fram til eit godt samarbeid i samband med debatten kring kulturhus i Knarvik.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær